



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for september 2007

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713

Årgang 43

<http://www.hareid.rotary.no>



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Åge Nytun
Visepres:	Johan Ole Brandal
Sekretær:	Trygve Riise
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Hans Gisle Holstad
Styremedlem:	Oddvar Haugen
Styremedlem:	Vigdis Riise
Ansv.red.:	Oddvar Haugen
Referent:	Aud Grimstad

## Fødselsdagar i september:

John Jarle Holstad	12.09.55
Liv Hilde Jøsok	15.09.43
Johs. J. Hareide	16.09.43
Oddvar Haugen	18.09.49
Dagfinn Vattøy	19.09.54
Ingar Bigset	25.09.52
Walther Jenssen	25.09.29
Kirsti Hareide Øvrelid	30.09.50
Sanjayan Selvamanickan	30.09.65

## 100 % frammøte i september

Øystein Alme, Aud Grimstad, Johs.J.Hareide, Odd Arne Holstad, Liv Hilde Jøsok, Wenche Jøsok, Åge Nytun, Vigdis Rise, Ågot Riise, Sigurd Bigseth, Karl Johan Brandal

## Frammøteporsent i september

## Haust

No er hausten her  
og hausten er ein liten gul mann  
som kjem ut av skogen  
med kofferten sin  
og plukkar lauvet av trea  
og tek med seg blomsterstilkane  
og mange av fuglane,  
så måler han himmelen grå og mørk,  
og lagar triste søledammar i vegane.

Arild Nyquist

### **03.09.07**

Vi starta det første haustmøtet med songen "Ut i vår hage". Etter velkomsthelsing frå Presidenten fekk Trygve Riise ordet. Han informerte oss grundig om foreskrifter frå vallova, slik at vi no er godt budde til å gå til val. Enkelte historier frå tidlegare val, gjorde at vi fekk latterdøra opna til tross for dyktig og seriøst framlegg av Trygve Riise. Etter framlegget gjekk drøsen rundt bordet til Presidenten takka for frammøtet.

### **10.09.07**

Denne dagen var programfri. Etter å ha sunge "Syng kun i din ungdoms vår" gjekk drøsen laust rundt borda. Stemninga var god og alle var spente på valresultatet. Det vart opplyst at krabbe/rekefesten mandag 17.09.07. skal halde hus i buda til Arne Lillebø. Påmeldingsskjema vart sendt rundt.

### **17.09.07**

Rotary var denne dagen samla i sjøbuda til Arne Lillebø. Det var ein fin gjeng som møttest til god prat i fine omgivelsar for ein reke/krabbe fest. Stor takk til Arne som stiller buda si til disposisjon.



### **24.09.07**

Møtet starta som vanleg med song etter velkomst helsinga frå presidenten Stenes fekk så ordet og ba om att nokon måtte melde seg som vertsfamilie for den studenten som vi skal ta imot frå Australia. Det er behov for minst ei vertsfamilie til, og denne bør melde seg snarast. Vertsfamiliene skal kursast før studenten kjem, og bør derfor snart vere klart. Det skal også kursast ein rådgjevar.

Deretter kom Svein Egil Kleppe på talarstolen og heldt egoforedrag. Han bad om orsaking for å halde eit litt amputert foredrag då han ikkje var heilt i form og var redd for at stemma skulle svikte. Likevel heldt han eit greitt og godt foredrag der han fortalte om yrkeskariera si.

Han fortalte at han var født og oppvaksen i Herøy, og kom til Hareid i 1966.

Han vart gift med Gerd Karin Kleppe og dei har fire born. Dei har også fått 4 borneborn.

Utdanninga han har er bygningsingeniør MNITO. Takstmann på eigedom og bygn.snikkar med svennebrev..

Han reiste til Bergen i 1964 og tok Tekn.fagskule der.

Han har også sikkerhetssjef-utdanning i Næringslivets Siokkerhetsorg. Det er sikkert at han har eit godt grunnlag som yrkesutøvar med eit breitt utdanningsfelt.

Yrkeserfaringa er også mangfaldig. Han har prøvd seg både som byggnings- og innredningssnikkar, fangstmann og fiskar, ass.ingeniør og byggeleiar, utbyggingssjef innan skipsverft og dagleg leiari i utbyggingsteknologi og rådgiving i eige firma.  
Han har også fått med fleire kurs innan planlegging, betongteknikk, leding og brannvern.  
I alt dette har han også funne tid til fritidssysler. Han liker jakt-fiske og friluftsliv, driv med litt handverk, liker å lese, har prøvd seg som birøkter og er korsanger.

Etter eit interessant foredrag, vart det tid til litt "drøs" før vi takka for laget.